



Møteprotokoll Eldrerådet

Møtedato: 07.03.2023
Møtestad: Kommunehuset - møterom Børilden
Møtetid: 17:15 - 19:00

Frammøtte medlemmer	Rolle
Gro Vigdis Johannessen	Medlem
Solveig Hopen	Medlem
Idar Johan Hopland	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Rolle
Ivar Bergsvik	Medlem
Reidar Øksnes	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Kristin Nesbø, Rigmor Ludvigsen

Dato 09.03.2023

Gro Vigdis Johannessen
møteleiar

Kristin Nesbø
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
004/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
005/23	Godkjenning av møteprotokoll
006/23	Meldingar
007/23	Orienteringssak
008/23	Eldredagen 2023

004/23: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

07.03.2023 ELDRERÅDET

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

Framlegget vart samrøystes vedteke

ER - 004/23 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent

005/23: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

07.03.2023 ELDRERÅDET

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

Samrøystes vedteke

ER - 005/23 VEDTAK:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

006/23: Meldingar

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

07.03.2023 ELDRERÅDET

Jan Ove Synnevåg kjem til eldrerådet for å snakka om IKT og arbeidet som IKT ambassadør. Temamøtet var planlagt til 9. mai, men det har vist seg at datoen ikkje passar så bra.

Framlegg til vedtak:

Møtesekretær frå fullmakt til:

1. Finne ny dato.
2. Be Jan Ove Synnevåg om å halde eit innlegg på 1 time.
3. Sjekke om kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy kan delta, og få nokon frå omsorgseininga som kan informere om velferdsteknologi.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

ER - 006/23 VEDTAK:

Møtesekretær frå fullmakt til:

1. Finne ny dato.
2. Be Jan Ove Synnevåg om å halde eit innlegg på 1 time.
3. Sjekke om kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy kan delta, og få nokon frå omsorgseininga som kan informere om velferdsteknologi.

007/23: Orienteringssak

Kommunedirektøren sitt framlegg:

07.03.2023 ELDRERÅDET

Orientering frå leiar:

Pensjonistlaget er lagt ned. Leirar Gro Johannessen og Idar Hopland har vore på eit med ei arbeidsgruppe som ønsker å opprette eit nytt lag under Norsk Pensjonistforbund.

Annonse i Kyrkjebakken som gjeld hørselskontakt. Stor annons i forrige nummer. Innspel om at informasjon bør vere synleg saman med anna kommunal informasjon.

Ønske om brosjyre med relevant informasjon om tenester som til dømes hørselkontakt og tannhelsetilbod. Det blir arbeida med ein enkel brosjyre som heimetenesta kan dele ut våren 2023. Sak til diskusjon på junimøtet: Leve heile livet og ulike bustadmoglegheiter.

ER - 007/23 VEDTAK:

Orienteringane vert teke til vitande

008/23: Eldredagen 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Eldrerådet gir leiar av eldrerådet Gro Johannessen og leiar av frivillegsentralen Rigmor Ludvigsen fullmakt til å lage program og finne underhaldning til eldredagen 2023

Leiar av frivillegsentralen bør kallast inn til møtet i Eldrerådet når eldredagen skal planleggjast. Det bør vere første møte i kalenderåret.

Møtesekretær frå i oppgåve å oppdatere sjekkeliste for eldredagen slik at det ikkje står namn men funksjon. Sjekklista blir lagt ved protokollen og kan justerast ved behov.

07.03.2023 ELDRERÅDET

Leiar i Frivillegsentralen Rigmor Ludvigsen deltok i møter under denne saka for informasjon og innspel til arrangementet.

Leiar i eldrerådet Gro Johannessen informert om at signala er er dei eldre framleis ønskjer gudsteneste i kyrkja istadenfor at presten deltar i arrangement på samfunnshuset. I år må vi ta forbehold om vi har prest tilsett pr. oktober.

Nordliheimen ønskjer underhaldning før lunsj kl. 12:30. Dei har vore svært nøgd med tidlegare underhaldning og besøk av ordføraren.

Det vart diskutert ulike innspel til underhaldning. Foredrag kan vere ei mogelegheit, men det er kanskje betre med kortare innslag slik at det blir god tid til prat rundt bordet. Dessutan må vi ha anna program for Nordliheimen om ein vel foredrag, da det ikkje passar så godt der. Det blir ikkje tilbod om skyss for andre enn dei som har problem med å kome seg til arrangementet.

Framlegg til vedtak:

Eldrerådet gir leiar av eldrerådet Gro Johannessen og leiar av frivillegsentralen Rigmor Ludvigsen fullmakt til å lage program og finne underhaldning til eldredagen 2023

Leiar av frivillegsentralen skal kallast inn til møtet i Eldrerådet når eldredagen skal planleggjast. Det bør vere første møte i kalenderåret.

Møtesekretær frå i oppgåve å oppdatere sjekkeliste for eldredagen slik at det ikkje står namn men funksjon. Sjekklista blir lagt ved protokollen og kan justerast ved behov.

Handsaming i eldrerådet:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

ER - 008/23 VEDTAK:

- Eldrerådet gir leiar av eldrerådet Gro Johannessen og leiar av frivillegsentralen Rigmor Ludvigsen fullmakt til å lage program og finne underhaldning til eldredagen 2023.
 - Leiar av frivillegsentralen skal kallast inn til møtet i Eldrerådet når eldredagen skal planleggjast. Det bør vere første møte i kalenderåret.
 - Møtesekretær frå i oppgåve å oppdatere sjekkeliste for eldredagen slik at det ikkje står namn men funksjon. Sjekklista blir lagt ved protokollen og kan justerast ved behov.
-